

Fra: Mari Severinsen <fmsfmse@statsforvalteren.no> på vegne av Beredskap Statsforvaltaren i Vestland <sfvberedskap@statsforvalteren.no>
Sendt: tirsdag 4. april 2023 09:59
Til: Post Osterøy
Emne: Presisering om bruk av lokasjonsbasert befolkningsvarsling

Til kommunedirektørar/rådmenn og beredskapskontaktar

Under følgjer melding frå DSB om bruk av lokasjonsbasert befolkningsvarsling på SMS der det er fare for liv og helse.

Det er framleis noko uklart for oss korleis dette er tenkt at skal praktiserast, men vi vidareformidlar denne meldinga da vi meiner dette er ei viktig presisering/justering av den tidlegare publiserte rettleiinga frå Datatilsynet. Vi vil ha dette som tema i kommunemøtet 20. april.

Det viktigaste er at Datatilsynet seier at personregelverket ikkje er eit hinder for at kommunane kan sende ut SMS-varsle ved bruk av lokasjonsbasert befolkningsvarsling så lenge det gjeld liv og helse. Samstundes oppmodar dei om at ein avklarer med politiet før utsending av varsle viss det er tid til det. Viss de er usikre/har spørsmål ved utsending av eit varsle kan vi òg kontaktast på tlf. 916 99 098/ sfvberedskap@statsforvalteren.no.

Til kommuner og statsforvaltere.

Snøskredene og snøskredfarene i nord har skapt usikkerhet knyttet til kommunenes anledning til å varsle innbyggerne per sms, om situasjoner der det er fare for liv og helse.

På denne bakgrunnen tok DSB initiativ til et møte med Datatilsynet. Datatilsynet har nå publisert denne presiseringen på sin nettside:

<https://www.datatilsynet.no/aktuelt/aktuelle-nyheter-2023/sms-varsling--unntak-hvis-liv-og-helse-er-i-fare/>

Der slås det fast at dersom det handler om liv og helse, kan kommunene sende sms med viktig, tidskritisk informasjon til innbyggere og andre som befinner seg i en bestemt geografisk område.

Med vennleg helsing
Statsforvaltaren